

# Strategisk samarbeidsavtale

## Mellom Høgskulen på Vestlandet, Fagskolen i Hordaland og Fagskolen i Sogn og Fjordane

### Bakgrunn for samarbeid

Overordna føringar i nasjonal kompetansepolitisk strategi legg vekt på vidareutvikling av samarbeidet mellom opplærings- og utdanningstilbydarar og arbeidslivet, for å gjere utdanningane meir relevant og for å gi betre tilgang på kvalifisert arbeidskraft i alle regionar. Regional plan for kompetanse og arbeidskraft i Hordaland hadde som overordna mål å betre balanse mellom tilbod og etterspurnad mellom kompetanse og arbeidskraft gjennom eit forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørane. Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane hadde som mål å etablere ein målretta dialog mellom industrien, FoU- og utdanningssystemet og offentlege styresmakter for å avdekke framtidige kompetanse- og arbeidskraftbehov.

Delar av Vestland fylke og ulike bransjar møter ulike utfordringar med å skaffe kvalifisert arbeidskraft i åra framover, og har behov for kompetanseutvikling i eigen arbeidsstyrke. Rekrutteringsproblem innanfor offentleg tenesteyting vil kunne få konsekvensar for kvaliteten på tenestene til innbyggjarane, og vedvarande rekrutteringsproblem i næringslivet kan hemme vekstpotensialet som bedriftene våre har.

Utvikling av arbeidsstyrken i Vestland fylke og styrke regional konkurransekraft, er ei hovuddrivkraft både for Høgskulen på Vestlandet, Fagskolen i Hordaland og Fagskolen i Sogn og Fjordane. Det er derfor eit felles ønske frå utdanningsinstitusjonane å utgreie i kva grad ein kan utvikle samfunnsoppgaget gjennom eit strategisk samarbeid.

NOU 2014:5 «MOOC til Norge» legg også eit sektorovergripande samfunnsperspektiv til grunn m.o.t. å utnytte potensialet innan digitalisering: "Nye digitale læringsformer i høgere utdanning anbefaler at utdanningsinstitusjonene og arbeidslivet styrker sitt samarbeid om etter- og videreutdanning.» Det er naturleg at vi nyttar ei brei tilnærming til digitalisering og nettstøtta læring som virkemiddel i dette arbeidet, når vi no skal utvikle vidare vidareutdanningstilbud for fagskular, univesitet og høgskular.

Som grunnlag for eit strategisk samarbeid legg både høgskulen og fagskulane følgjande felles ambisjonsnivå til grunn:

- byggje sterkare og meir solide fag- og forskingsmiljø som set spor både nasjonalt og internasjonalt
- aktivt bruke EU-program (t.d. Erasmus+) og byggje nettverk internasjonalt for å styrke vår posisjon.
- ta ein nasjonal leiarposisjon på område der vi er gode og der vi som utdanningsinstitusjon kan byggje oss vidare opp.
- vidareutvikle studiestadane slik at regionrolla vert styrka i høve til å imøtekomme kompetansebehov og bidra til god tettstadutvikling.
- imøtekomme dei omstillings- og endringsbehova som kjem framover.
- bli ein konkurransedyktig og attraktiv institusjon for studentar og fagpersonar

## Strategisk samarbeid – områder for utgreiing i fase 1

Basert på felles ambisjonsnivå skal ein utgreie samarbeidspotensialet innan ulike delområder, der arbeidet vert utforma basert på bl.a. følgjande føringar:

### 1.Utdanningsstrategiar og rekruttering:

- Utvikle fleksible utdanningsmodellar og styrke overgangane i utdanningsløpa.
- Møte ulike utfordringar med å skaffe kvalifisert arbeidskraft i regionen.
- Styrke rekrutteringsprofilen til yrkes- og profesjonsutdanningane i Vestland fylke.
- Utdanne fleire ingeniørar, også med fagbrev.

### 2.Innovasjon, forskning og utvikling:

- Styrke næringsliv og offentleg sektor sitt behov for auka utviklings- og omstillingstakt.
- Stimulere til tverrfagleg samarbeid mellom studentar (t.d. felles studentprosjekt), fagdisiplinar og tettare integrasjon med nærings- og samfunnsliv.
- Styrke opplæring i innovasjon.
- Etablere felles møteplassar mellom studentar og nærings- og samfunnsliv.

### 3.Etter- og vidareutdanning:

- Meir fleksible etter- og vidareutdanningstilbod, bl.a. gjennom auka «modulisering» av utdanningsprogramma og legge til rette for «kryssløp» mellom ulike utdanningsprogram.
- Utnytte digitalt potensiale m.o.t. kunnskapsdeling, kunnskapsformidling og felles digital infrastruktur som t.d. digital plattform.
- Nytte undervisningskompetanse frå arbeidslivet.
- Betre tilrettelegging for bedriftsintern opplæring.
- Teste ut ulike former for desentralisert undervisning for å auke bruken av etter- og vidareutdanningstilbod.

### 4.Undervisningsutstyr og lokale

- Legge til rette for betre ressursutnytting av opplæringsutstyr og lokale
- Vurdere felles investeringar ved samanfallande behov.
- Legge til rette for at studentar og tilsette har kompetanse og nyttar laboratoria og utstyr som ein møter i arbeidslivet

Vedlegg: Prosjektorganisering - forstudie

Sign.: 

Stad/Dato

Berge 22.4.2020

Berit Rokne, rektor  
Høgskulen på Vestlandet

Stad/Dato

Bog 4/5-20

  
Torbjørn Mjelstad, rektor  
Fagskolen i Hordaland

Stad/Dato



Reidar Grønli, rektor  
Fagskolen i Sogn og Fjordane